

Informasjon om Saltvassomslog

Har du spørsmål? Ta gjerne kontakt med oss

Kreftavdelinga
Stråleterapieininga
Ålesund sjukehus
6026 Ålesund

Telefon: 70 10 69 15

www.helse-sunnmore.no



Nyttige råd

Tiltak ved sår og raud hud


Saltvassomslag

Omslag med saltvatn verkar lindrande på skadd hud som klør og er øm. Ved blemmer eller sår i huden kan saltvassomslag også hjelpe til med å halde såra reine.

Du treng: Kompresser og Natriumklorid 0,9% (fysiologisk saltvatn). Dette kan ein kjøpe på apoteket eller lages sjølv ved å koke opp ein liter vatn med 1ss salt, som deretter avkjølast til romtemperatur. Ein kan også nytte eit mjukt klede av lin eller bomull som kompress.

Framgangsmåte:

Vask hendene. Dynk kompressene godt med saltvatn og legg desse på huden. Lat liggje i 10-20 minutt, ikkje lenger. Lat huden lufttørke før ein eventuelt smører med blå Apobase eller Aloe Vera. (NB! Ikkje før behandling). Lat gjerne kremen trekkje inn i huden før du kler på deg.



NÅR OG KOR OFTE

Etter ynskje, gjerne 2-3 gonger for dag.

DET ER VIKTIG AT HUDA FÅR NOK LUFT

Bruk derfor helst bomullstøy eller ull inn mot huden. Bruk luftige og ikkje stramme klede.

Ligg gjerne med berr hud under teppet når du kviler. Unngå bruk av BH og evt. brystprotese i behandlingsområdet.

Viss det er sterkt behov for bruk av bandasje, skal ikkje bandasjer med lim eller tape nyttast i strålefeltet. Lim fra bandasjer tek med seg hudceller når dei byttes, og gjer huden sår. Bruk heller elastisk bind som feste, eller bandasjer med silikonlag inn mot huden. Silikonbandasjen kan ligge på opptil ei veke om den ikkje er gjennomtrukke av sårvæske.

OBS! Viss sårvæska får gul eller grøn farge, ta kontakt med fastlegen din for ein bakterieprøve for å undersøkje om det er naudsynt med antibiotika.